

Møtereferat

Emne:	Referat frå regionalt planforum: Kommuneplanens samfunnsdel - Os kommune	
Til stades:	Kari Elster Moen Sigurd Bødal Hans Inge Gloppen Elisabeth Warren Gudrun E Stefansdottir Tone Bøyum Grete Riise Anne Mette Nesje Porten Gunhild Raddum Marit Rødseth Per Nordmark Asle J Andås Aina Tjosås Terje Søviknes	Statens vegvesen Statens vegvesen HFK, næring HFK, kultur FMHO KSA FMHO KSA Fylkesmannen, helse - og sosial HFK, regional folkehelse HFK, samferdsel HFK, plan HFK, plan Os kommune, plan Os kommune Os kommune, ordførar
Forfall:		Sak: 2014/13624-52
Møtetid:	Tysdag 27.01.2015 kl 13 - 15	Møtestad: Fylkeshuset, Sunnhordland

Møteleiar: Plansjef Marit Rødseth

Referent: Per Nordmark

Marit Rødseth ønskte velkomen og deltakarane presenterte seg med namn og organisasjon.

Introduksjon

Ordførar Terje Søviknes gav ein introduksjon til planen. Planen har fokus på vekst og visjonen: 40 i 2040: dvs. ei dobling av folketalet på 15 år. Os veks no, og ventar å ta delar av den venta store veksten i Bergensområdet. Dessutan er det forventet ein stor effekt av ny E 39 med kryssing av Bjørnafjorden, ferdig i 2020 - 2021. Det vert planlagt for vekst i folketal og vekst i næringsverksemd og arbeidsplassar. Kommunen må tenkja og planleggja strategisk for å sikra areal og utvikling av tenestene.

Presentasjon av planforslaget

Aina Tjosås presenterte prosessen, sentrale utfordringar og planforslaget slik det ligg føre. Kommunen har som mål å utarbeida ein kort og lettfatteleg plan på maks 25 sider. Planen skal byggja på mottoet «Os inspirerer». Planen skal vera fokusert på vekst og det skal tenkjast stort. Den skal vektleggja etikk og samfunnsansvar, bærekraft og folkehelse.

Planen legg vekt på å unngå fokus på kommunestrukturdebatten.
Framdriftsplanen er å vedta planen før sommaren 2015.

Innspel, kommentarar og spørsmål vart handsama kapittel for kapittel frå kapittel 3. Dette er samla sist i referatet.

Kapitteloversyn

1 Innleiing

Os inspirerer

3 Grunnleggjande føringar

4 Hovudutfordringar

5 Utfordringar mål og strategiar.

5.1 Helse, omsorg og beredskapstenester

5.2 Barn, unge og oppvekst

5.3 Kunst, kultur og fritid

5.4 Næring og kompetanseutvikling

Kommunen har mista mange industriarbeidsplassar. Lyseparken kan gje rom for ny næring.

5.5 Areal, samferdsel, teknisk infrastruktur, klima og miljøvern

5.6 Kommunal organisering

6 Kvar, kor mykje og kor raskt skal Os vekse?

Merknader og innspel til planen:

- Planen kan forbeholdt når det gjeld strategiar. Dette gjeld på fleire område.
- Planen kan meir kvantifisera og peika på lokalisering av framtidige bustader.
- Planen kan tydeleggjere mål for bumiljø og samlokalisering av ulike kategoriar bebuarar.
- Planen kan tydelegare peika på kva som er Os sine satsingsområde.
- Planen bør utformast slik at dei som skal bruka planen, og skal skapa det den seier, kjenner seg igjen i den.
- Kva er strategien for etablering av institusjonar for ulike grupper, og kvar skal dei liggje?
- Det er ønskeleg med meir føringar for utbygging av t.d. bustader, helsehus og anna. Kva skal ein satsa på og kvar skal det lokaliserast?
- Helsetilbod til born og unge. Kva meiner ein – teksten er uklar.
- Sjå nærare på ålmenne tilbod. Det må ikkje vera vanskeleg å vera ein del av samfunnet; tilgang til møteplassar, gratistilbod m.m. Vesentleg å ha tilkomst til møteplassar utan bruk av bil.
- Det er ikkje samanheng mellom skulane, bustadbygging og skuleveg. Dette må hengja saman.
- Når det gjeld folkehelse er det viktigast å få dei som er lite aktive til å bli meir aktive. Dette må vera tydeleg fokusert.
- Omsynet til kulturminne bør flettast inn i planen slik at ein i ettertid slepp motsegner i plansaker.
- Må no tenkja strategisk for å sikra areal og utvikla tenestene.
- Fleksible skulebygg er aktuelt for å vera i forkant av veksten, men det må og vera fokus på uteareal og areal til drettsanlegg.
- Os manglar kompetansearbeidsplassar. Kommunen vil leggja til rette for dette. Det er positivt.
- Landbruk som næring: Næringa er lita, men kommunen vil ta vare på jordbruksjorda.
- Breiband og fiberutbygging er ein komponent som må takst med i planlegging.
- Utbygging av infrastruktur er sentral. Ved ny og auka bruk av avkjørslar kjem nye krav. Dette må takst omsyn til i prosessen.
- Klimaendring er omtala som utfordring. Det er ønsker at planen og tydeleggjer mål og handling.
- Senterstruktur i kommunen: Kommunen prioriterer regionsenteret. Nærsenter med avgrensa tilbod er aktuelt nokre få bygder. Lyseparken kan utviklast til lokalsenter – nok større breidde i tilbod. Dette er i samsvar med regional plan; «Senterplanen»
- Samfunnsdelen av kommuneplanen bør ha med kart som viser kvar sentrera i kommunen er, kvar er omlandet, kvar er skulane, kvar skal borna gå og sykla.
- Det er viktig at kollektivaksar er definert, noverande og framtidige med tilrettelegging av kollektivtilbod. Bygging skal gjerast langs kollektivaksar.
- Ved ny bru over Bjørnefjorden kan området Halhjem, Sørneset og Nordneset verta særst attraktive byggeområde for bustader. Det er viktig at områda ikkje no vert øydelagt med spreidd utbygging.
- Kommunen kan arrangera temamøte i høringsperioden for å skapa breiare lokalt engasjement.